

# Tema: identitet og merkevarebygging

**VOSS: Måndag 7. november held høgskulelektor Morten William Knudsen føredrag på Fleischer's Hotel.**

Temaet hans vert identitet og merkevarebygging i konsum- og mediesamfunnet. Bak tilskipinga står Eli-Karin Yndestad og hennar firma EKY kompetanse.

– Eg prøver å henta interessante førelesarar til Voss, så vossingane skal sleppa måtta reisa til Bergen for å høyra føredraga, seier Eli-Karin Yndestad til «Hordaland».

Føredraget gjev ei skildring av det moderne samfunnet, som Knudsen langt på veg definerer som eit konsum- og mediesamfunn.

– Med dette som bakteppe vil det verta gjeve analysar og tilrådingar om korleis leiing og marknadsføring kan ta inn over seg trekk ved samtidskulturen. Føredraget vil kort og godt dreia seg om korleis ein kan leia og marknadsføra på best mogeleg måte i dag, seier Yndestad.

Knudsen er høgskulelektor ved Handelshøyskolen BI og ved Kunsthøyskolen i Bergen. I tillegg er han mykje brukt som føredragshaldar for næringslivet og som kommentator i media.

ROLF TEPSTAD | tekst  
rte@avisa-hordaland.no